

Koret med god respons i Strandebarm

25.03.2012

**Røysterett for alle fekk god respons og mykje positiv omtale etter konserten på Tangerås i Strandebarm.
Særleg fall den lokale versjonen av Sommar i Tyrol i god smak.
På fjordhotellet i Strandebarm, der ventar lukka på deg.
Det var noko mange drog kjensel på.**

Elles framførte koret med sin dirigent Maria Malmsten 10 songar med tema frå Jakob Sande sin Fabel, via Barndomsminne til tre klassiske songar frå Per Indrehus sitt hefte Viser i kor. Dei mange frammøtte fekk oppleva to urframføringar, Bruremarsj til Alta og Reinlender på Herøysundmåten, begge skrivne og arrangert av Maria Malmsten til Folkemusikkveka 2012.

Arrangøren Strandebarm songlag er eit blanda kor, i storleik om lag som Røysterett for alle. Dirigenten heiter Nils Ove Kvåle, bur på Lofthus og pendlar på øving ein dag i veka til Tangerås. Songlaget vart skipa i 1967 og har medlemer frå Hatlestrand til Ljones. To av songane deira var av den greske Mikis Theodorakis, mellom anna ein velkjend song for oss i Uskedalen, Ein song om fridom, arrangert av Rasmussen.

Styreleiar Lars Henrik Skogtun takka for invitasjonen og bad om at songlaget i Strandebarm la turen til Uskedalen når det måtte høva.

Av Kristian Olav Bringedal